

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Fonna HF
Dato: 14.11.14
Sakshandsamar: Leif Terje Alvestad
Saka gjeld: Idéfaserapport Haugesund sjukehus

Arkivsak
102/11 B
26/12 O
37/13 A
58/13 A
88/13 A
13/14 O
22/14 O
33/14 O
49/14 O
61/14 O
77/14 A

Styresak 80/14 A
1 vedlegg

Styremøte 17.11.14

Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner Idéfaserapport for Haugesund sjukehus.
2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner at utbyggingsprosjektet for Haugesund sjukehus blir vidareført til konseptfase med atterhald om godkjenning i Helse Vest RHF
3. Konseptfasen skal gjennomførast i tråd med framlagt mandat. Følgjande alternativ skal utgreiast i konseptfasen:
 - «Nullalternativet»
 - Ny vestblokk, vidare utbygging mot nord
 - Ny nordblokk, etappevis utbygging
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør halde styret i Helse Fonna HF fortløpande informert om arbeidet med konseptfasen for Haugesund sjukehus.
5. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende Idéfaserapporten med vedlegg og mandat for konseptfasen til Helse Vest RHF for vidare handsaming i styret i Helse Vest RHF.

Samandrag

Haugesund sjukehus har for lite areal og dårleg bygningsmessig standard, spesielt innan somatikken. Det er viktig å kome raskt i gang med utbygging av sjukehuset innanfor føretaketts investeringsevne. Føremålet med saka er å velje kva for alternativ som skal vidareførast til konseptfasen. Målet med neste fase (konseptfasen) er å greie ut dei føreslåtte alternativa i detalj og kome med tilråding om eitt alternativ som skal prosjekterast og planleggjast. I eit kort perspektiv peiker idéfaserapporten på at utbygging mot vest eller mot nord er aktuelt. Vidare utbygging mot nord i eit 2030 perspektiv er naudsynt.

Innleiing

Haugesund sjukehus har mangel på areal, dårleg bygningsteknisk tilstand og eit stort vedlikehaldsetterslep, spesielt innan somatikken. Større deler av dagens areal treng rehabilitering for å være funksjonelle. Dette er slått fast i «Multimåprapporten» handsama av styret i Helse Fonna HF i desember 2011 i sak 102/11, og utviklingsplanen for Helse Fonna handsama i juni 2013 i sak 58/13. Det vil vere vanskeleg å rehabiliterare areal med pågåande pasientbehandling. Ein forventar at utfordringane med teknisk infrastruktur vil auke fram mot 2020.

Styret i Helse Fonna HF avgjorde å setje i gong arbeidet med idéfase for Haugesund sjukehus i oktober 2013 i sak 88/13, og vedtok mandatet for idéfasen i same sak.

Saka blei handsama i styremøte i 24.09.14 i sak 61/14, og 30.10.14 i sak 77/14.

Styret vedtok i sak 77/14 (referatet er ikkje godkjend i skrivande stund):

Alternativa som skal utgreiast i konseptfasen er:

- *Nullalternativet*
- *Ny vestblokk, vidare utbygging mot nord*
- *Ny nordblokk, etappevis utbygging*

Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør innarbeide endringane i idéfaserapporten og legge den fram for styret på nytt i ekstraordinært styremøte 17.11.14.

Etter styrebehandlinga 30.10.14 er endringane innarbeidd i idéfaserapporten og delrapportane. Alternativa 1-3 i mandatet for idéfasen er slått saman til to alternativ (ny vestblokk, vidare utbygging mot nord og ny nordblokk, etappevis utbygging). Dei alternativa som skal utgreiast vidare i konseptfasen er såleis tre alternativ inklusiv Nullalternativet. Alternativa er tydelegare presisert i vedtaket enn dei fire som var grunnlaget for idéfasen. Vidare utbygging mot nord på sikt er naudsynt.

I handsaminga av saka 30.10.14 peika styret i Helse Fonna på at det er naudsynt med vidare utbygging mot nord i eit 2030 perspektiv. Konseptfasen må gje ei tilråding til om byggestart skal skje mot nord eller mot vest, ytterlegare utbygging mot nord er naudsynt uansett kva for alternativ ein vel. Eit nytt bygg må gje moglegheit for å leggje til rette for rehabilitering av eksisterande lokale (konverteringsareal).

Dei viktigaste overordna plandokumenta i Helse Fonna er Strategi for Helse Fonna, Plan somatikk og Plan for psykisk helsevern. I stor grad er planverka gjennomført, spesielt gjeld dette for Plan somatikk. For å leggje til rette for vidare utvikling i tråd med planverka er det naudsynt å auke arealet ved Haugesund sjukehus og rehabiliterare dei deler av bygningsmassen som ikkje dekker behovet i dag.

Plan somatikk slår mellom anna fast at ein del tilbod i Helse Fonna bare skal vere ved Haugesund sjukehus. Døme er: spesialitet i Onkologi, Nevrologi, Nevrologisk slageining, Barnehabilitering, spesialitet i Infeksjonsmedisin, Kreftkirurgi innan bryst, urologi, mage- og tarm, Karkirurgi, Øyre-nase-halssjukdommar, Augesjukdommar, behandling av små barn samt fertilitetsutgreiing og behandling. Plan Psykisk helsevern peiker på at det er naudsynt å spisse og sentralisere behandling av til dømes psykose og rusbehandling som må skje i

sjukehus. Til dømes er Ruspost, Nevropsykologi, sengepost for Alderspsykiatri og Barne- og ungdomspsykiatri lagt til Haugesund.


Ein ventar at befolkningsveksten og alderssamansetjinga i åra som kjem vil krevje større kapasitet og areal ved Haugesund sjukehus.

Haugesund sjukehus har behov for vidare utbygging i eit lengre perspektiv (2030-2040). Alternativa som blir vidareført til konseptfasen må såleis ikkje vere til hinder for vidare utbygging på sikt. Ei utbygging må leggje til rette for flytting av funksjonar, og for å kunne rehabiliterer dei delane av bygningsmassen som blir fråflytta slik at dei kan nyttast vidare.

Helse Fonna har drift på mellom anna fire sjukehus. Ei utbygging i Haugesund må ikkje kome i vegen for naudsynt vedlikehald av dei andre sjukehusa og bygga i føretaket. Det er viktig å kome raskt i gong med utbygging. Alternativa må vere realistiske og liv laga, sett i forhold til eksisterande investeringsregime og økonomisk bereevne.

Idéfasen

Tidligfaseplanlegging av sjukehusprosjekt består av idéfase, konseptfase og forprosjektfase.



Målsetjinga med ein fasedelt planprosess er å kvalitetssikra at prosjekta planleggast og gjennomførast i samsvar med gjeldande krav og rammer.

Idéfasen skal avklare om prosjektet er relevant i forhold til dei utfordringa som skal løysast, og avklare om prosjektet er «liv laga», om det er hensiktsmessig, kan gjennomførast og er realistisk. Føremålet med idéfasen er å velje kva for alternativ som skal vidareførast til konseptfasen og gjennomgå ein grundigare, detaljert gjennomgang, før ein i slutten av konseptfasen vel eitt alternativ som skal over i forprosjektfasen.

Idéfasen skal ikkje gje klare tilrådingar om val av alternativ men avdekke moglegheiter. Alternativa som anbefalast vidareført i konseptfasen skal søkje å finne moglegheiter for løysingar som gjer dei beste resultatane for ein sikker og god pasientbehandling. Det må takast omsyn til føretakets økonomiske bæreevne.

Prosjektet Idéfase Haugesund sjukehus blei set i verk 22.01.14. Grunnlaget for iverksetjing av idéfasen var mandatet som blei vedteken av styret i Helse Fonna HF 02.10.13 i sak 88/13.

I mandatet for idéfasen blei det slått fast at følgjande alternativ skulle utgreiast:

- «Nullalternativet»
- *Alternativ 1 Ny Vestblokk*
- *Alternativ 2 Ny Nordblokk sett sammen med ny Vestblokk*
- *Alternativ 3 Ny Nordblokk uten ny Vestblokk*
- *Alternativ 4 Nybygg for psykisk helsevern på østsiden av Karmsunds gata*

Idéfasen har vore prosjektorganisert med ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe. Prosjektet har arbeidd i samsvar med mandatet for idéfasen samt struktur og instruksar frå vegleiar. Det er lagt til grunn overordna dokument som strategi Helse Fonna 2014 – 2018, Plan for somatiske spesialisthelsetenester og Plan for psykisk helsevern i Helse Fonna.

Idéfaserapporten inneheld tabellar over demografisk utvikling, areal i dag og forventa behov for areal fram mot 2040. Idéfasen har tatt omsyn til den demografiske utviklinga

Ein aktivitetsoversikt er lagt ved saka. Styret i føretaket er fortløpande informert. Det har vore dialog med eigar i prosessen. Det er gjennomført ein interessentanalyse, og interessentar som til dømes naboar og Haugesund kommune har vore informert. Brukarrådet har vore representert i arbeidet.

Prosjektgruppa og styringsgruppa har tatt omsyn til dei utfordringar dagens situasjon gjer med omsyn til knappheit på areal og dårleg bygningsmasse. Vidare har prosjektet tatt omsyn til moglegheit for rehabilitering av fråflytta bygningar ved nybygg og vidare utbygging på sikt. Prosjektet har òg tatt omsyn til arealbehovet som skal til for å utvikle dei funksjonane som Haugesund sjukehus skal ha (sjå innleiing).

Prosjektet har tatt omsyn til føretaket si investeringsevne og moglegheit til å betene lån etter at eit nybygg er ferdig. Det er lagt ved ei utgreiing av økonomiske tilhøve til rapporten. Helse Vest RHF nyttar ein økonomisk modell kor årleg ramme blir tildelt føretaka. Alle føretaka må planlegge, realisere og finansiere eigne investeringar innanfor dagens modell for tildeling av ramma. Føresetnaden for å realisere investeringsprosjekt er enten å nytte eigne midlar (avskrivning og overskot) eller få statlege lån gjennom søknad til Helse Vest RHF. I finansieringsplanen er det lagt til grunn at det er mogleg å få statlege lån på inntil 70 prosent av byggekostnadane. Det må kunne vere realistisk å kunne drive etter dei føresetnader som er gitt i langtidsbudsjett frå eigar, sjølv om ein tar opp lån og må betene desse.

Helse Fonna har i langtidsbudsjettet lagt til grunn årlege overskot for å kunne betene lån og setje av midlar til å styrke eigenkapitalen. På lik linje med andre føretak har Helse Fonna potensiale til å forbetre drifta. Såleis er det i dei økonomiske analysane lagt inn ein forventning om gevinstrealisering etter at eit nybygg er tatt i bruk (etter 2020) for å kunne realisere vidare utbygging fram mot 2030.

Alle alternativa, utanom 0-alternativet, som blir tilrådd vidareført vil leggje til rette for flytting av funksjonar som i dag har arealknappheit og dårlege tilhøve. Alternativa vil leggje til rette for å kunne rehabiliterare bygningsmassen i fråflytta bygningar og vil kunne leggje til rette for vidare utbygging på sikt i eit 2030 perspektiv.

Full utbygging av Nordblokkalternativet vil med omsyn til økonomisk bereevne ikkje vere mogleg i eit 2020 perspektiv, men vere mogleg i eit 2030 perspektiv.

Idéfaserapporten blei lagt fram for styret i Helse Fonna HF 24.09.14 i sak 61/14 og rapporten er etter dette oppdatert med dei innspela styret og eigar har gitt, mellom anna om lokale for psykisk helsevern. Kostnader for riving av bygg er tatt med.

Idéfaserapporten inkluderer mandat for konseptfasen, økonomisk delrapport og aktivitetsoversikt.

Idéfaserapporten blei drøfta med dei tillitsvalde 14.10.14 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 15.10.14.

Styret i Helse Fonna vedtok 30.10.14 at tre alternativ (sjå innleiing og framlegg til vedtak) skulle utgreiast i konseptfasen og bad administrerande direktør innarbeide endringane i idéfaserapporten og legge den fram for styret på nytt i ekstraordinært styremøte 17.11.14.

Etter handsaming i styret i Helse Fonna HF vil rapporten bli sendt til Helse Vest RHF.

Konseptfasen

Målsetjinga med konseptfasen er å utvikla eit fagleg godt grunnlag som gjer tilstrekkelig sikkerheit for val av eitt alternativ som best oppfyller måla innanfor definerte rammer (Tidligfaseplanlegging i sjukehusprosjekter).

Konseptfasen skal byggje på utviklingsplanen og idéfaserapporten. I konseptfasen skal forslaga til alternative løysingar frå idéfasen utgreiast i detalj. Utredningane skal være tilstrekkelig detaljerte og omfattande til å kunne gje grunnlag for å velje eit alternativ og dokumentere konsekvensane av det valet som blir gjort. Utredningane skal være likeverdige for alle alternativa, dei skal syne om alternativa kan innpassast i investeringsrammene og den effekt ei gjennomføring har på føretakets økonomisk bæreevne.

Alternativa skal analyserast og vurderast i forhold til de oppsette måla og eit definert sett av kriterier. Det beste alternativet anbefalast som grunnlag for gjennomføring av eit investeringsprosjekt.

På grunnlag av utredninga av alternativa (konseptrapporten) skal det gjennomførast ei ekstern kvalitetssikring av konseptfaserapporten (KSK). Konseptrapporten saman med rapport frå KSK vil være grunnlaget for å realitetsbehandla om prosjektet skal førast inn i forprosjektfasen, og kva for alternativ som blir tilrådd.

Vedlegg

Idéfaserapport med vedlegg (mandat for konseptfasen, delrapport økonomi, aktivitetsoversikt)